

Frivillig- og samspelstrategi

for Ullensvang kommune 2025 – 2028

Vedteken av Ullensvang kommunestyre 18.06.2025




Foto: Linn Bjørkelund, Ullensvang fotoklubb

Innhald

	2
1.0 Innleiing/bakgrunn	2
2.0 Prosess	3
3.0 Kvifor ha ein samspel- og frivilligstrategi?	4
3.1 Føremål med strategien	4
3.2. Dei 10 boda for frivilligpolitikk	5
4.0 Tiltak og ansvar	5
4.1 Samspel	5
4.2 Økonomi	6
4.3 Kompetanseheving	6
4.4. Rekruttering	7
4.5. Samarbeid om felles interesser i lokalmiljøa og beredskap	7
4.6. Lokale	8
4.7 Oppfølging av frivillig- og samspelstrategien	8



Foto: Dag Endre Opedal

1.0 Innleiing/bakgrunn

Frivillig sektor er ein berebjelke i Ullensvang kommune og spelar ei nøkkelrolle i å skape berekraftige, inkluderande og levande lokalsamfunn. Frivillig arbeid styrkjer folkehelsa, fellesskapet og det lokale engasjementet.

Gjennom denne strategien slår Ullensvang kommune fast at frivillig sektor er ein uvurderleg, sjølvstendig og likeverdig ressurs som skal styrkjast og verdsetjast i all samfunnsutvikling.

[I Ullensvang kommune sin samfunnsplan 2020-2032](#) er det særleg 3 av måla som har innverknad på denne strategien:

2. *"Ullensvang kommune er ein aktiv tilretteleggjar og pådrivar".*
 - Dette inneber at kommunen skal vere ein aktiv part i å få ting til å skje og aktivt leggje til rette for tiltak og aktivitetar ein ønskjer i kommunen.
5. *"Ullensvang har levande bygder og sterke sentrum i utvikling".*
 - Frivillige organisasjonar spelar ofte ei viktig rolle i å oppretthalda aktivitet og tilbod, og kommunen si tilrettelegging for desse organisasjonane kan bidra til å nå dette målet.
7. *"Kultur-, idretts- og reiselivet i Ullensvang er inkluderande".*
 - Dette inneber at kommunen må samarbeide med frivillige organisasjonar for å nå ut til og inkludera ulike grupper.

[Ullensvang kommune sin temaplan for kultur 2023-2027](#) legg og vekt på den viktige rolla frivilligheita spelar i Ullensvang, og inneheld tiltak for å støtta, synleggjera og leggja til rette for ein aktiv og inkluderande frivillig

sektor og [temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021-2025](#) inneheld også strategiar og tiltak knytt til frivilligheit.

Etablering av Ullensvang kommune sin frivillig- og samspelstrategi er godt forankra i planverket.

Vi har tre frivilligsentralar i kommunen som har leia arbeidet med denne strategien. Odda og Kinsarvik er kommunale sentralar, medan Jondal frivilligsentral er ikkje-kommunal (medlemsorganisasjon). Frivilligsentraler er mangfoldige møteplassar bygd på frivilligheita sine premisser og lokale ønsker, teken i vare av tilsette i samhandling med frivillige, lag og foreiningar og kommune. Frivilligsentralane arbeider med frivillig innsats som ein kan dele inn i tre hovudområder:

- Lag og organisasjonar.
- Uorganiserte møteplassar.
- Personar og grupper som ynskjer å bidra frivillig.

Det er fleire sentrale føringar på at kommunane bør utarbeide sin eigen frivilligheitspolitikk. Mellom anna:

- [Regjeringa si frivillighetserklæring](#) og
- [KS og Frivillighet Norges plattform for samspel og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor.](#)
- [Stortingsmelding nr. 10 \(2019\) #frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfaldig](#)
- [Rom for deltakelse - regjeringens kulturfrivillighetsstrategi \(2023-2025\).](#)



Foto: Jondal Frivilligsentral

2.0 Prosess

Frivilligsentralane starta arbeidet med Frivillig- og samspelstrategien i 2021 etter at kommunestyret vedtok at Ullensvang kommune skulle innføre ein slik strategi i desember 2020. Ei spørjeundersøking og eit par folkemøter vart avhaldt våren 2022, men pandemiens etterverknader senka prosessen. Hausten 2023 gjenopptok ein arbeidet med å få på plass eit erfaringsgrunnlag for planen. Det vart då gjennomført ein stor digital kartleggingsundersøking der lag og organisasjonar i kommunen vart invitert til å svare, og responsen var stor (47%). Vidare vart det avhelde folkemøter i Odda, Kinsarvik og Jondal. Sjå rapporten frå denne prosessen her: [Kartlegging av frivillige organisasjonar i Ullensvang kommune 2023](#)

Rapporten har gitt oss eit svært godt grunnlag for å utarbeide strategien i nært samspel med frivillig sektor. Ei referansegruppe bestående av 17 representantar er valgt for å delta i utviklinga av sjølve strategien, henta frå rådgjevande organ og styre i dei tre frivilligsentralane i kommunen. Av desse er 13 frå frivillige organisasjonar spreidd på typar organisasjonar, alder, kjønn og geografisk tilhøyre i kommunen. 2 er politisk utnemnd, medan 2 er frå administrasjonen.

Vidare har eit ansattutval bestående av fire tilsette frå dei ulike tenesteytande kommunale sektorane bistått i referansearbeidet. Dei daglege leiarane på frivilligsentralane har vore sekretariatet i arbeidet, og ei skrivegruppe vald blant referansegruppa har deltatt i sjølve skriveprosessen..

3.0 Kvifor ha ein samspel- og frivilligstrategi?

Veldig mange av oss deltek i frivilligheita. Frivillighetsbarometeret (2023) syner at deltakinga i frivillig innsats ligg på 64 % og er tilbake på nivået før pandemien. I følge SSB er 78% av befolkninga medlem i minst ein organisasjon, og 48% av befolkninga er medlem i minst to organisasjonar. Innbyggjarundersøkinga 2021 viser at dei som deltek aktivt i sivilsamfunnet er meir tilfreds med tilværet enn andre. Samtidig skapar frivillig innsats enorme verdier for samfunnet vårt.

For at frivilligheita skal kunne bidra meir må kommunen legge til rette for et godt samarbeid på frivilligheitas premisser. Deltaking i frivilligheita gir menneske moglegheita til å realisere interessene sine og til å bidra i nærmiljøet. Frivillige organisasjonar gjev menneske følelse av lokal identitet, tilhøyrsløse, bulyst, fellesskap, dei skaper gode og inkluderande lokalmiljø og styrker beredskapen og demokratiet.

Frivillig innsats bidreg til:

- Eit sterkt og levande lokalsamfunn.
- Auka livskvalitet og sosial inkludering.
- Demokratibygging og fellesskap.
- Gode oppvekstvilkår og forebygging av utanforskap

3.1 Føremål med strategien

Strategien skal vere eit grunnlag for Ullensvang kommune sin utøvande frivillig- og samspelstrategi der målet er å styrke samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita. Den skal skape legitimitet for frivillig innsats og forenkle samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige. Det er viktig at frivilligstrategien støttar opp om mangfaldet av arenaer, aktivitetar og arrangement og bidreg til gode og inkluderande møteplassar. Målet med

strategien er å lage eit fundament for eit forutsigbart og konstruktivt samarbeid mellom partane.

Kommunen vil i framtida ikkje klare å løyse alle samfunnsoppgåver åleine. Frivilligheita har lange tradisjonar, stor kapasitet og er representert på nesten alle samfunnsområda. Frivilligheita har fritidsaktivitetar for barn og unge, idrett- og kulturopplevingar, utvikling av nærmiljø, naturvern, friluftsliv, opplæring, beredskapsteneste, helse- og omsorgstenester m.m.

Frivillige organisasjonar har opparbeida seg solid kunnskap, mykje erfaring og høg grad av tillit hjå innbyggjarane i kommunen. Kommunen vil stimulera til at det blir skapt meir frivillig engasjement for å styrka dei frivillige organisasjonane si rolle, både som nærmiljøbyggjarar, bulyst-generatorar, som ei inkluderande kraft og som bidragsytar i å løyse felles samfunnsutfordringar.



Foto: Sekseparken og Oddasjakken

3.2. Dei 10 boda for frivilligpolitikk

Ullensvang kommune vil så langt som råd leggje dei ti boda for frivilligpolitikk utarbeidd av Frivillighet Norge til grunn for sitt arbeid.

- Kjenne frivillig sektor i kommunen
- Frivilligpolitikken skal gjelde alle kommunale sektorar
- Anerkjenne eigenverdien ved frivillig arbeid
- Forenkling gjer meir frivillig innsats
- Leggje til rette for at lag og organisasjonar kan nå eigne mål
- Skape dialog med frivillig sektor gjennom faste kontaktpunkt og opplæring
- Anerkjenne og støtte opp om meirverdien ved frivillig verksemd
- Gje frie midlar
- Ikkje konkurrere med frivillig verksemd
- Skape føreseielege rammer for frivillig arbeid

4.0 Tiltak og ansvar

4.1 Samspel

Det er frivilligheita som er ekspertar på frivillig innsats, lokal mobilisering og engasjement. Kommunen vil leggje til rette for auka medverknad frå frivillig sektor i samhandling med kommunen. Dette vil bidra til gjensidig læring og demokratiutvikling, betre kvalitet og gje breiare eigarskap til politiske vedtak.

Tiltak	Ansvar
Faste årlege møter mellom kommunen og frivillige organisasjonar.	Kommune, frivilligsentral
Faste kontaktpunkt for frivillige organisasjonar inn i kommunen. Lenke til nettstad.	Kommune
Tidleg dialog og involvering mellom kommune og frivillig sektor som ressurs i arbeid med ulike prosjekt og planar.	Kommune, lag og foreiningar
Frivilligheit som tema hos alle kommunale verksemder og reflektert i årsrapportar.	Kommune
Kompetanseheving når det gjeld samspel mellom kommune og frivillig sektor.	Kommune, frivilligsentral
Kommunen skal sørge for gode samarbeidsavtaler mellom kommunale verksemder/tenester og frivillige organisasjonar.	Kommune
Lag og foreiningar blir oppfordra til å ha oppdatert informasjon og aktivitetar på foreiningsportalen iullensvang.org .	Frivilligsentral, lag og foreiningar
Relevant informasjon om søknadsfristar, aktuelle kurs og anna viktig info vert sendt direkte til alle organisasjonar via iullensvang.org .	Frivilligsentral

4.2 Økonomi

For å styrkje frivillig sektor og auka engasjementet, vil kommunen leggje til rette for betre tilgang til tilskotsmidlar/tilskotsordningar og gjere prosessane enklare.

Tiltak	Ansvar
Kommunen gjer informasjon om kommunale tilskotsordningar som gjeld frivillige organisasjonar lett tilgjengeleg på kommunen heimeside, i sosiale media og på foreiningsportalen iullensvang.org . Sistnemnde har og oversikt over andre offentlege tilskotsordningar (stat/fylke).	Kommune, frivilligsentral
Syta for kommunale målretta økonomiske støtteordningar, jf. Temaplan for kultur 2023-2027 med rullering kvart 4. år.	Kommune
Kommunen skal vere ein god samarbeidspart for frivillig sektor når det gjeld å bistå organisasjonane i arbeid med å søkja om tilskot samt tilby kompetanseheving i søknadsarbeid.	Kommune, frivilligsentral
Kommunen legg til rette for lokal kursing og tett oppfølging når det gjeld søknader om spelemidler.	Kommune
Kommunen innfører tilskuddsportalen.no som eit prøveprosjekt frå 2026.	Kommune
Kommunen arrangerer Frivilligbørs i Ullensvang der kommune, frivillig sektor og næringsliv møtes med moglegheit for å inngå gjensidige avtaler.	Kommune, frivilligsentral
Kommunen vurderer eventuelt samarbeid med frivillige organisasjonar når det søkjast om statlege midler til aktiviteter og tiltak.	Kommune

4.3 Kompetanseheving

Kommunen vil vera ein pådrivar for at aktuelle kurs som bidreg til kompetanseheving vert formidla til lag og organisasjonar. Dette inneber og behov for hjelp til å navigera i den digitale verda og finne ut av digitale løysingar. Herunder kjem og hjelp til å søke tilskot gjennom digitale tilskotsordningar, og informasjon om relevante kurs og kompetansefremmande tiltak.

Tiltak	Ansvar
Kommunen vil inkludere frivillige organisasjonar i relevante kommunale opplæringstilbod.	Kommune
Kommunen vil bidra med kompetanseheving på tema etter ønskje frå frivillig sektor, og bidra til å auka organisasjonane sin kompetanse på marknadsføring, rekruttering, styrearbeid, medlemspleie og økonomistyring.	Kommune, frivilligsentral
Kommunen vil bistå organisasjonar med hjelp til å navigere i den digitale verda, vidareformidla aktuelle kurs og finne ut av digitale løysingar.	Kommune, frivilligsentral
Kommunen skal sikre at tilsette har kompetanse til å ta imot og samarbeide med frivilligheita.	Kommune
Samarbeid med frivilligheita skal vera eit tema på møter i kommunale einingar.	Kommune

4.4. Rekruttering

Ullensvang har ein stor og aktiv frivillig sektor. Det er også eit stort potensial i både unge, pensjonistar, uføre, busette flyktningar og andre innvandrarakar, i tillegg til dei som allereie er aktive i frivillig sektor. Gjennom desse tiltaka kan kommunen bidra til eit sterkt og inkluderande frivillig miljø der fleire får moglegheit til å engasjere seg.

Tiltak	Ansvar
Kommunen bidreg med å dele gode historier og prosjekt frå frivilligheita på sosiale medium og heimesider.	Kommune/ Frivilligsentral
Årleg utdeling av frivilligpris.	Kommune/ Frivilligsentral
iUllensvang.org blir vidareført som ein viktig kanal for informasjon og rekruttering.	Kommune
Verksemdene bidreg til å rekruttere frivillige til lag og organisasjonar ved å gjere tilboda kjent (flyktingetenesta, vaksenopplæring, oppvekstsektor, helse- og omsorg, kultur mfl.)	Frivilligsentral
Frivilligsentralane skal sikre god informasjonsflyt mellom kommune, innbyggjarar og frivillige sektorar for å auke rekrutteringa til frivilligheita.	Frivilligsentral
Kommunen skal legge til rette for arenaer/tilstelningar der organisasjonane kan synleggjera aktivitetane sine (tilflyttarkvelder, frivilligmesse, frivilligbørs og andre hendingar der frivillig sektor kan synast.	Kommune/ Frivilligsentral
Kommunen utarbeider ein fritidserklæring for Ullensvang kommune, der alle barn og unge vert gjeve ein rett til å delta i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre.	Kommune

4.5. Samarbeid om felles interesser i lokalmiljøa og beredskap

Frivillige organisasjonar spelar ei viktig rolle i å løysa samfunnsoppgåver og byggja nærmiljøet. Dei bidreg med aktivitetar for barn og unge, idrett, kultur, opplæring, beredskap, helse- og omsorgstenester med meir.


Vidare er frivillig sektor essensiell for totalberedskapen i Norge ([Beredskapsemeldingen, stortingsmelding nr. 9, 2024-2025](#)) og er ein viktig aktør i Totalforsvaret som skal styrke samspelet mellom sivile og militære ressursar, mellom private og frivillige aktørar.

Tiltak	Ansvar
Kommunen vil leggje til rette for at frivillige organisasjonar og enkeltpersonar som ønskjer å bidra til å løyse samfunnsoppgåver, får moglegheit til å vere ein ressurs.	Kommune, frivilligsentral
Kommunen vil inngå samarbeidsavtalar med frivillige organisasjonar som ynskjer å bidra.	Kommune, lag og foreiningar
Kommunen vil ved oppretting av eit beredskapsråd i kommunen inngå samarbeid med aktuelle frivillige organisasjonar.	Kommune

4.6. Lokale

Frivillige organisasjonar i Ullensvang er i snitt nøgde med tilgangen på eigna lokale. Nokre eig lokale, andre leiger og nokre låner lokale gratis. Likevel er det nokre organisasjonar som ikkje har eigna lokale. Ullensvang kommune har mange bygg som er ledige delar av døgeret, er universelt utforma og som kan nyttast gratis av frivillig sektor.

Tiltak	Ansvar
Kommunen vil arbeide for at frivillige organisasjonar får tilgang til tilpassa og gode lokale.	Kommune
Kommunen bistår frivillige organisasjonar med søknader for utbetring av eigne lokale.	Kommune
Kommunen vil gjennomføre ei kartlegging av alle aktuelle kommunale bygg som kan nyttast av frivillig sektor kostnadsfritt.	Kommune
Kommunen utarbeider reglement/vilkår for utlån av lokale dei har tilgjengeleg.	Kommune



4.7 Oppfølging av frivillig- og samspelstrategien

Frivillig- og samspelstrategien skal vere eit levande dokument som sikrar eit sterkt samarbeid mellom Ullensvang kommune og frivillig sektor. Ved å leggje til rette for dialog, økonomisk støtte, kompetanseheving og forenkling, vil kommunen styrke frivilligarbeidet og skape eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn.

Tiltak	Ansvar
Strategien skal rullerast kvart 4. år og vedtakast av kommunestyret.	Kommune
Gjera strategien kjent i alle aktuelle einingar i kommunen samt drøfte tiltaka på einingsmøta, i tverrfagleg møtefora og liknande.	Kommune
Frivillig sektor vert oppfordra til å ta opp strategien i sine organisasjonar og nytte den aktivt.	Lag og foreiningar
Erklæringa skal synleggjerast på heimesida til kommunen og frivilligsentralane, på iUllensvang.org og i sosiale media.	Kommune, frivilligsentral
Informasjon om erklæringa i dei kommunale råda.	Kommune
Synleggjere og innarbeide erklæringa i nytt planverk og ved rullering av eksisterande planverk.	Kommune
Bruke innsikta frå Kartlegging av frivillige organisasjonar i Ullensvang 2023 til å identifisere utfordringar, moglegheiter og samarbeidstiltak.	Kommune, frivilligsentral, lag og foreiningar